




Medlemsbrev for 2024/2025 – Nr 3

President: Cathrine Flem Lervåg

Redaksjon: Magne Lundemo (leiar), Lidvar Sunde, Harald Gudbrandsen, Thor Grønmyr og Sindre Vik



Dato: 15.01.2025

Stad: Brattvåg B&B

Møteleiar: Presidenten

Hovedinnslag:

Presidentens møte – komitéarbeid

Vi møttest på «Bowlingen» til oppstartsmøte for 2. halvdel av Rotaryåret 2024/25. Presidenten innleide med div. informasjon og planar for det komande halvåret. Etterpå – og til deilig pizza frå kjøkenet – samlast komitéane til oppdatering og justering av planane sine.

PS I etterkant av møtet møttest åtte av medlemmene til dyst på bowlingbana. Etter mykje bra spel med stor spenning, opp- og nedturar var det til slutt OP som stakk av med den høgaste poengsummen, hårfint framfor Endre. ML

Dato: 22.01.2025

Stad: Hautunet

Møteleiar: Past president Audun


Hovedinnslag:

Kva skjer på Ingebrigt Davikhuset? Info v/Kjetil Heggdal



Dagleg leiar, Kjetil Heggdal, kom til oss og informerte både om drifta av ID-huset og om programmet for det komande halvåret. 2024 vart eit godt

år med mange gode artistar, eit allsidig program og ikkje minst; med god publikumsappell. Billettinntektene vart såleis rekordhøge!



ID-huset, som er eit kommunalt føretak, har fire heiltidstilsette og det er stor aktivitet i alle salane. Vi har inntrykk av at det vert gjort eit godt stykke arbeid av dei tilsette i samarbeid med styre og eigar. Gode sponsorar og frivillige er sjølvsagt også viktige samarbeidspartnarar.

Kinoen har fått nytt og moderne utstyr som produserer klokkeklar lyd sylskarpe bilete på eit nytt lerret.

Kjetil presenterte vidare programmet for vinter/vår 2025, og det er berre å gle seg. Her er det mange godbitar med noko for alle, skulle ein tru!
Hugs å bestille billetter i god tid, aldri stol på at det er ledige sete heilt fram til framsyningsdatoen! ML

Dato: 29.01.2025

Stad: Hautunet

Møteleiar: Presidenten

Hovedinnslag:

Årsmøte 2024

Det ble gjennomført årsmøte i Brattvåg Rotaryklubb for Rotaryåret 2023/24. Past president Audun las opp styret sin årsrapport medan Anders

presenterte årsrekneskapen samt budsjett for inneverande Rotaryår. Ein viser til eigen årsmøteprotokoll for meir informasjon.

Dato: 03.02.2025

Stad: Pirbygget, Ålesund

Arr.: Ålesund Rotaryklubb

Hovedinnslag:

Ålesund symfoniorkester, Rotary Young/RYLA m.m.

Ukas rotarymøte var mer enn et kinderegg!

Ålesund Rotaryklubb hadde invitert alle 6 klubbene på Nordre Sunnmøre til fellesmøte på Pir Cowork med et rikholdig program.

Først fikk vi høre om nåtid og fortid i Ålesund Symfoniorkester- som fyller 80 år i år. Cellist og mangeårig styreleder i orkesteret, Tor Tømmerdal, fortalte om orkesterets utvikling og betydning i kulturlivet.



Ålesund Symfoniorkester er et av landets største amatørorkestre og har et rikholdig program med hele 6 store konsertproduksjoner i året.

Så fikk vi en presentasjon av Ålesund Kammermusikk Vinterfestival- som går av stabelen denne uka. Kunstnerisk leder Ai Ling Chiu og produsent Samuel Skrede presenterte et rikholdig program, hvor landets beste musikere finner veien til Ålesund for å spille mangfoldig kammermusikk- dette er absolutt verdt å få med seg!



Til sist hadde Martine Bjørkavåg og Max Kipperberg en presentasjon om Rotary Young i god kombinasjon med noen ord om Rotary Youth Leadership Awards- RYLA fra primus motor Rolf Klock.

Oppfordringa - særlig til næringslivesledere er: har du en ung lederspire ansatt- ta kontakt med oss i Rotary- vi vil veldig gjerne komme i kontakt med aktuelle kandidater til RYLA!

Attpåtil fikk vi treffe hele det store rotarynettverket vårt- hvor rotarymedlemmer fra Sula, Aalesund, Aalesund Øst, Spjelkavik, Giske og Brattvåg rotaryklubber var samla!

Sula Rotaryklubb/ML

Dato: 12.01.2025

Stad: Hautunet

Møteleiar: Presidenten

Hovedinnslag:

Montering av bilete til Haram Kvileheim, Longva

Denne kvelden fekk vi montert dei 15 bileta som skal til Haram Kvileheim på Longva. Alle bileta har motiv frå øyane, og det er lokale fotografar som har donert dei til dette prosjektet.



Vi gleder oss til å levere bileta til Haram Kvileheim på Longva! Dei vi tidlegare har levert til Eidet omsorgsenter og Brattvåg omsorgsenter heng allereie på plass. Så når bileta på Kvileheimen er overlevert, kan vi sjå oss ferdig med dette gode prosjektet. ML

Dato: 19.02.2025

Stad: Hautunet

Møteleiar: Presidenten

Hovedinnslag:

Asylmottaket i Hamnsundet v/Siv Ulla Hagala



Presidenten ledet møtet og ønsket Siv Ulla Hagala velkommen. Hun er mottaksleder på Hamnsund Asylmottak. Her bor det p.t. 24 asyløkere 15 - 18 år, både jenter og gutter. Fra Ukraina, Eritrea, Syria og Afganistan. De kan søke seg til forskjellige kommuner når det blir ledig der. Når de er 18 år kan de bli sendt tilbake til sitt hjemland. Opplegget er UDI ansvarlig for. Statsforvalteren har tilsyn med

driften. Det gis ikke opplysninger om beboerne. Ungdommene deltar på norsk språkundervisning. Noen går på ungdomsskolen og videregående. Andre kan få jobbe i bedrifter. Beboerne har krav på forskjellige helsetjenester. De får 2 måltider og lommepenger. Noen sender penger til familien. Naboer og organisasjoner arrangerer hyggekvelder og turer. Det er 27 tilsatte med forskjellig kompetanse fordelt på 20.5 årsverk. HG

Dato: 26.02.2025

Stad: Hautunet

Møteleiar: Presidenten

Hovedinnslag:

Medlemsmøte/fritt møte

Presidenten innleidde med ein gjennomgang av kva vi har hatt av program og aktivitetar så langt dette Rotaryåret. Ho peika vidare på dei oppgåvene som ligg framfor oss, spesielt pensjonistfesten som går av stabelen 9. april. Her er det viktig at alle som kan stiller opp! Avslutningsvis gjekk drøsen fritt og vidt og som vanleg vart mange store og små saker drøfta utan registrerte vedtak! ML

Dato: 05.03.2025

Stad: Hautunet

Møteleiar: Presidenten

Hovedinnslag:

«Mama Clara» v/Erna Rogne

President Cathrine orienterte om klubbsaker og minna oss på årsfesten 14.03.2025 på Brattvåg Fjordhotell. 19.03.2025 kjem Løvemammaene til Haram og har møte på Bygdestova på Eidet kulturhall.

Erna Rogne har vore i Brattvåg Rotaryklubb og orientert om Mama Clara for omlag 10 år sidan. Prosjektet starta for 16 år sidan i forbindelse med ein tur til Peru. Litt tilfeldigheter gjorde at ho hamna i

Andesfjellene på omlag 5000 meters høyde over havet.
Besøkte eit barnehjem der 33 barn levde i fattige kår og elendige boforhold.

Det tente ein gnist med Erna og ho engasjerte seg for å hjelpe desse barna.



Namnet kjem frå mor til Erna- Klara.

Saman med Hareid Rotaryklubb i starten har ho vore med på å bygge opp ein god stad for desse barna. Ho har fått med seg 7 andre rotaryklubber på Mørekyten som har bidratt økonomisk for å drive dette vidare. Brattvåg Rotaryklubb er ein av desse. Til saman har det blitt 18 turer til dette barnehjemmet i Peru.

Ho viste bilder av oppussing av kjøkken og bad slik at det har blitt gode forhold for barna som bur der.

Barnehjemmet er katolsk og drive av nonner. Begge kjønn er representert her fram til 10-11 årsalderen. Då vert dei splitta og berre jentene er igjen her.

Finansieringa til prosjektet vert gjennom lotteri og gåver.

Dette er noko Erna ivrer for og vi takker ho eit brennande engasjement for prosjektet. Th.G

Dato: 14.03.2025

Stad: Brattvåg Fjordhotell

Møteleiar: Presidenten

Hovedinnslag:

Årsfest

Årsfesten var på Brattvåg Fjordhotell. 36 deltagere. Cathrine ønsket velkommen. Reidun, Tor og Ivar framførte 3 melodier. Bjørn J. ledet festen. Kongens skål ledet av Rolf Doran og Kongesangen ble sunget.



Erna Johnsen hilste fra Inner Wheel og kommenterte dagens sportssituasjon.

Presidentens tale.



Else Farstad leste to egne dikt. Johnny H. takket for maten ga honnør til kjøkkenet for fantastisk god mat og servering!

Loddsalg med inntekt til driften av klubben. HG

Dato: 19.03.2025

Stad: Bygdestova, Vatneeidet

Møteleiar: Lions Club Haram

Hovedinnslag:

Løvemammaene/Robotek

Lions Club Haram inviterte til møte på Bygdestova på Eidet.

Løvemammaene på besøk i Haram.

Kristin Breivik leder i Haram Lions leda møtet.

Løvemammaene er en uavhengig organisasjon som jobber med å opplyse om og forbedre rettighetene til barn og unge med sykdom og funksjonsvariasjon. Vi brenner for støtte, frihet og likestilling for hele familien.

Løvemammaene hjelpetjeneste er til for familier som står i krevjande hverdager med sine barn og unge med sykdom og funksjonsvariasjon. Det er tøft å stå i kampen mot systemet for å få den hjelpa og de tenestene dei har krav på.

For barn med forkorta levetid har dei eit eige team som heiter Bære sammen.



Dei følger opp i tida før og etter dødsfall med sorgstøtte og veiledning til foreldre, søsken og apparatet rundt.

Helene og Tonje presenterte organisasjonen som er lagt opp med ein nasjonal organisasjon og delt opp i fire regioner. Dei representer region Midt. Nasjonal organisasjon stifta 2019 medan region midt i 2022. Dei har 7800 medlemmer nasjonalt og 1900 i region midt.

Det står stor respekt av det arbeidet desse frivillige gjer. Det er synd at ein må kjempe mot eit system som burde vere eit offentleg ansvar. Vi takker dei for den kjempejobben dei gjer.

Andre delen av møtet var retta mot hjelpemiddel til funksjonshemma. Robotek med Arne Tande, Roar Tande og Petter Sundnes saman med sonen Richard Sundnes presenterte sine produkt.



Robotek hadde 16 eigarar i starten , men desse er no borte og Tande-familien står for drifta no. Dei har spesialisert seg på 3-D print og hjelpemidler. Hadde med seg Richard som er rullestolbruker. Dei viste fram eit kamerastativ montert på rullestol som gjorde at Richard fekk ta bildernoko han har stor interesse av. Har alltid likt å ta bilder og dette gjer at han får ein meir meningsfylt kvardag. Mobilstativ og holder til fiskestang var nemt som andre hjelpemiddel.

Th.G

Dato: 27.03.2025

Stad: Sport1 Brattvågsenteret

Møteleiar: Presidenten


Hovedinnslag:

Sport1 v/Per Arne Johansen

Per Arne tok føre seg el- sykkel og utviklinga dei seinare åra. Dei første åra var det system med rotorstyrt overføring. Dette har forandra seg dei seinare år til momentstyring. Noko som er bedre. Dei fleste motorer er på 250 W og har rekkevidde på 100- 200 km Motorene er konstruert slik at ein ikkje får hjelp over 25 km/t. Dei fleste sykler er mellom 25-30 kg og det er stort sett aluminium rammer. Alle sykler er produsert i Østen.

Stort sett personer over 45 år som kjøper denne type sykler.

Ladetid på batteri er vanlegvis 3-6 timer. Introduksjon av el-sykler har ført til auka aktivisering av personer over 45 år. Dette har heilt klart ein stor helsegevinst. Største feil ein gjer som eigar av sykkel er manglande reinhald og vedlikehald.



Eit anna satsingsområde er salg av ski. Har vore eit vanskelegare område grunna geografisk beliggenhet og klimatiske forandringer.

Sport 1 Brattvåg starta opp for 23 år sidan og vart spådd ei dyster framtid. Dei har klart å gjere desse spådommene til skamme og har overlevd godt desse åra.

Leveringstid og ligge i forkant på produkt og utvalg har vore og er viktig for å klare å overleve i bransjen. Men med slik positiv holdning til service og framtidsretta holdning har vore ein viktig faktor for å lykkast. Mange spørsmål frå alle el-sykkel eigarar.



Tusen takk til Per Arne for ein engasjerande presentasjon .

Ref ThorG